

Uttale frå styret for Manger folkehøgskule, i samband med sak om eigarskap

Manger folkehøgskule har vore eigd av fylkeskommunen i 143 år.

Fylkeskommunalt eigarskap har vore avgjerande for Manger folkehøgskule sin eksistens, og har mange gonger hjelpt skulen gjennom vanskelege tider.

Skulen er ein av dei minste i landet, og er svært sårbar for svingningar i elevtal. I periodar med lågt elevtal og dermed dårleg økonomi, har det vore godt å ha ein solid og positiv eigar med på laget.

For ein liten skule er også fylkeskommunen sine støttefunksjonar svært viktige i den daglege drifta. Skulen har eit tett og godt samarbeid med Opplæringsavdelinga, HR-avdelinga, Lønkontoret, HMS-avd. og Egedomsseksjonen, m.fl. Dei ulike avdelingane i fylkeskommunen er ei svært god støtte for administrasjonen ved skulen.

Skulen har dei siste 40 åra utvikla seg til å verta ein rein musikkfolkehøgskule. Musikk er eit kostnadskrevjande fag både i vidaregåande skule og i folkehøgskule. Det er difor ikkje mogleg å driva ein musikkfolkehøgskule med berre 60 elevar, utan driftsstøtte frå eigar. Dersom skulen ikkje lenger skal vera ein del av Vestland fylkeskommune, kan styret ikkje sjå at skulen kan drivast vidare med noverande linjestruktur og kvalitet. Som sjølvstendig skule vil Manger folkehøgskule få store, ekstra utgifter, og noverande drift må difor erstattast med ein heilt ny skuleprofil med nye faglinjer med lågare kostnad. Det er sjølvstøtt svært usikkert om ein slik skule vil tiltrekka seg tilstrekkeleg med elevar til å ha grunnlag for drift. Mesteparten av dei noverande tilsette vil måtta få tilbod om anna arbeid i fylkeskommunen, eller verta oppsagte.

Elevar frå Manger folkehøgskule har bidrege med song og musikk på ulike fylkeskommunale møte og kurs, både for politikarar og administrasjon. Dette er aktivitetar som er nyttige og utviklande for skulen sine elevar, og det er med på å knyta sterkare band mellom eigarorganisasjonen og skulen.

Skulen har kvart år konsertturnéar til fleire av dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen, både med rockeband, brassband og storband. Desse konsertane er gratis for skulane.

Dei årlege juletreffestane på fylkeshuset i Bergen har i mange år hatt musikkinnslag av elevar frå Manger folkehøgskule.

Styret ber om at Vestland fylkeskommune held fram som eigar av Manger folkehøgskule, slik som fylkeskommunen har gjort dei siste 143 åra.